



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Morsmåslærar og tospråkleg faglærar i polsk - inntil 20% engasjement

Stillingsinformasjon

Det er ledig stilling som morsmåslærar og tospråkleg faglærar i polsk frå dags dato til 31.12.2016, med mogleg forlenging.

Undervisninga vert på Sagstad skule og Meland ungdomsskule.
Det vert lagt opp til to undervisningstimar i veka på kvar av skulane

Arbeidsoppgåver

Gir opplæring i og på morsmålet til barn frå språklege minoritetar. Dette gjeld for barn som ikkje kan tilstrekkeleg med norsk til på følgje undervisning gitt på norsk.

Kvalifikasjonskrav

Den som skal tilsetjast som morsmåslærar, jf. opplæringslova § 2-8 og § 3-12, må fylle eitt av desse krava:

- lærarutdanning frå heimlandet til eleven og dokumentert gode norskkunnskapar
- lærar med same morsmål som eleven: universitets- og/eller høgskuleutdanning av ei samla lengd på minst tre år inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, og dokumentert gode norskkunnskapar. Eitt og eitt halvt år av utdanninga må omfatte språket og kulturen til eleven
- norskspråkleg lærar som ikkje har same morsmål som eleven: universitets- og/eller høgskuleutdanning i eleven sitt språk som samla utgjer minst 90 studiepoeng, og god kjennskap til den kulturelle bakgrunnen til eleven, i tillegg til pedagogisk utdanning etter § 14-1
- treårig lærarutdanning for tospråklege lærarar. Tilsetjing kan skje for undervisning der læraren har same morsmål som eleven.
- Andre med relevant utdanning kan også søkje.

Pedagogisk utdanning frå utlandet må vere godkjent av NOKUT.
Godkjent arbeids- og opphaldstillating.
Tuberkulinattest

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.
God pensjonsordning.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 15.09.2016

Utlyst dato 30.08.2016

Vårref

594/16

Kontaktperson

Hilde Brendehaug Hugaas, Rektor Meland ungdomsskule, tlf: 56171410, hilde.brendehaug.hugaas@meland.kommune.no
Magne Lædre, Rektor Sagstad skule, tlf: 56171310, magne.laendre@meland.kommune.no